

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 14/3376-2

## Høyringsuttale til rapport frå ekspertgruppe om organisering av strømnettet – «Reiten-utvalet»

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

### Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.
2. Fylkestinget ser og positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette snarast.

### Vedlegg:

1. Brev av 12.05.2014 frå Olje og energidepartementet.
2. Kopi av forordet i rapporten frå Reiten-utvalet.
3. Notat om utjamning av nettkostnader, SFE Nett AS 22.05.2014.

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Et bedre organisert strømnnett, 05.05.2014. (Rapport frå ekspertgruppe nedsett av Olje- og energidepartementet) (A-sak 14/3376 nr. 1)

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Olje- og energidepartementet har sendt på høyring ein rapport frå ei ekspertgruppe som har vurdert organiseringa av strømnettet. Tidlegare olje- og energiminister Eivind Reiten har leia ekspertgruppa/utvalet - som departementet sette ned i 2013. Rapporten frå utvalet vart levert olje- og energiminister Tord Lien 5. mai i år. Frist for uttale er 1. oktober 2014.

Mandatet for utvalsarbeidet har vore m.a. å gje råd om ei tenleg nettorganisering, kva som kan gjennomførast innan 2020, og å legge fram ein strategi for gjennomføring. Tariff-harmonisering, nettstruktur og å møte framtidskrava er aktuelle tema. Rapporten og innkomne høyringsuttalar vil danne grunnlag for m.a. ei stortingsmelding som er venta i 2015, og vil med det gje føringar for komande organisering, lov/forskriftsendringar og verkemiddel.

## **2. Innhald og konsekvensar**

### Selskapsmessig og funksjonelt skilje

Rapporten rår til at det vert sett krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle energi-selskap - uavhengig av storleik - og med ein gjennomføringsperiode på tre år. Selskap som eig kraftnett, kan ikkje lenger eige kraftproduksjon eller drive kraftsal til sluttkundar, samtidig. Framlegget betyr at dagens krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje, som gjeld selskap med over 100.000 kundar, vil gjelde alle. Nettselskapa må tilpasse seg nærare krav til funksjonelt skilje, m.a. styresamansetting i dotterselskap og må formalisere tydelegare at konsernet ikkje kan instruere nettselskapet i vesentlege og prinsipielle saker. Det er ikkje tilrådd krav om eigarmessig skilje. Dette betyr at kraftselskap og nettselskap framleis kan vere organisert i konsern.

Det kan bli sett krav om at verksemd som ikkje naturleg høyrer til nettverksemda, må skiljast ut. Eksempel på dette kan vere entreprenørverksemd og deler av fiberverksemda utover det enkelte nettselskapet sitt eige behov. Formålet med skiljet er ei opprydding mellom selskapa si monopol-verksemd og andre aktivitetar. Dette kan det vere gode grunnar for.

For små vertikalintegreerte kraftselskap vil eit krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje vere ei klar utfordring, og som truleg vil føre med seg strukturendringar.

### DSO (distribusjonssystemoperatørar):

Landet er i dag oppdelt i område for KDS (Kraftforsyningens distriktssjefar) og KSU (Regional Kraftsystemutgreiing) med ansvar for overordna beredskap og tilråding når det gjeld overordna nettutvikling. Asgeir Aase i SFE Nett AS er KDS for Sogn og Fjordane og selskapet har ansvaret for regional kraftsystemutgreiing (KSU).

Utvalet rår til at styresmaktene opprettar DSO-ar, distribusjonssystem-operatørar, med same områdeinndeling som KSU. For vårt distrikt vil dette bety at Sogn og Fjordane vert eige DSO-område med SFE Nett AS som operatør. Formelt er det NVE som peikar ut. Ansvarsområdet vil i tillegg til overordna beredskap og tilråding om overordna nettutvikling, vere m.a. rangering av alternative nett-tiltak på tvers av selskapa i «DSO-området». Det er det enkelte selskapet som har investeringsplikt. Ved ev. usemje går sakene til NVE. Det er også venta koordinerande oppgåver innan operativ drift, men framleis med Statnett som einaste systemansvarlege selskap.

Fylkesbasert DSO er positivt for Sogn og Fjordane, m.a. med tanke på beredskap og ved å halde på viktig kompetanse i fylket.

### Frå tre til to nettnivå:

Utvalet rår til å fjerne regionalnettet som eige nettnivå og å innlemme dette i distribusjonsnettet. Systemet med anleggs- og områdekonsesjonar vert vidareført. Tariffering vert basert på spenningsnivå eller andre tenlege kriterium. EU har vedteke at det skal vere berre to nettnivå, og Noreg må gjennom EØS-avtalen følgje dette. Alternativet ville difor i praksis ha vere at regionalnettet vert overført til sentralnettet, dvs. til Statnett SF.

Sett frå vårt fylke er utvalet sitt forslag positivt, så langt det gjeld organisering av strømmettet. Ved at regionalnettet skal eigast regional og lokalt, vil kompetanse og forsyning i regionen framleis vert lokalt forankra. Alternativet med å legge regionalnettet inn under sentralnettet, ville ha ført til at kontrollen med dette nettet hadde gått ut av fylket.

Den nye organiseringa løyser likevel ikkje problem knytt til store skilnader i nettkostnader.

### Harmonisering av nett-tariffar

Utvalet har vurdert fleire modellar for betre harmonisering av tariffar, og erkjenner at område med mykje ny, fornybar kraftproduksjon og få uttakskundar, har særlege utfordringar knytt til tariffane. Det er ikkje fremja forslag som kan kompensere for dette. Utvalet går heller ikkje inn for ein gjennomgåande industritariff eller liknande, som løysing for den kraftkrevjande industrien.

Utvalet foreslår at innmatingsinntektene frå kraftproduksjon som i dag matar inn i regionalnettet og som er inntekt til sentralnettet (utgjer 1,2øre/kWh), etter omlegginga vert innmatingsinntekt til distribusjonsnettet (der regionalnettet vert innlemma).

Det er positivt at utvalet erkjenner problemstillingane som omtalt for område med mykje ny, fornybar energi. Framlegget om å behalde inntekter frå innmating i dagens regionalnett i det utvida distribusjonsnettet, er eit skritt i rett retning. I praksis vil dette bety at til dømes i SFE Nett AS sitt område, vil ekstraintekta tilsvare ein reduksjon på 2-3 øre i uttakstariffen. Dette har ein

utjamnande effekt, men er langt frå tilstrekkeleg til å løyse utfordringane rundt store skilnader i nett-tariffar. Fylkesrådmannen viser her til ei vurdering av dette komplekset som SFE Nett AS har utarbeidd (vedlegg).

Fylkesrådmannen meiner at det er sterkt urimeleg at kostnadar knytt til ei nasjonal satsing på fornybar energi skal belastast næringsliv og forbrukarar i område med store fornybare energiresursar, åleine.

### **3. Konklusjon**

Framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet er på fleire område positive for Sogn og Fjordane. Så langt fylkesrådmannen kjenner til, er fleire av forslaga i tråd med ønskt utvikling frå kraftbransjen. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om DSO-organisering.

Fylkesrådmannen ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar. Vidare er det positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der innmatinga faktisk skjer.

Fylkesrådmannen beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i distrikt med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon.

Fylkesrådmannen meiner at den situasjon som vårt distrikt er inne i med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av distriktet si lojale oppfølging av nasjonale mål om auka utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette snarast.